

# **KONKURRANSEGRUNNLAG**

Open tilbuds konkurranse  
etter FOA del I og II

for anskaffing av

**Totalentreprise kulvert Idrettsveien**

Saksnr. 2021/26501

# Innhald

<b>1</b>	<b>GENERELL SKILDRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	OM OPPDRAGSGIVAR .....	3
1.2	KOMMUNIKASJON MED OPPDRAGSGIVAR .....	3
1.3	FORMÅLET MED ANSKAFFINGA .....	3
1.4	DELTILBOD .....	3
1.5	VIKTIGE DATOAR .....	4
<b>2</b>	<b>REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN</b> .....	<b>4</b>
2.1	ANSKAFFINGSPROSEDYRE .....	4
2.2	KRAV TIL ARBEIDS- OG LØNNSVILKÅR .....	4
2.3	OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT .....	4
2.4	VEDSTÅINGSFRIST .....	5
2.5	OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET OG TILLEGGSOPPLYSNINGAR .....	5
<b>3</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV</b> .....	<b>5</b>
3.1	LEVERANDØREN SI ORGANISATORISKE OG JURIDISKE STILLING .....	5
3.2	LEVERANDØREN SIN ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET .....	5
3.3	DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN .....	6
3.4	STØTTE FRÅ ANDRE VERKSEMDER .....	7
<b>4</b>	<b>TILDELINGSKRITERIUM</b> .....	<b>7</b>
<b>5</b>	<b>INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING</b> .....	<b>8</b>
5.1	INNLEVERING AV TILBOD .....	8
5.2	UTFORMINGA AV TILBODET .....	8
<b>6</b>	<b>VEDLEGG</b> .....	<b>8</b>

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivarar for anskaffinga er Øygarden kommune.

Sjå <https://www.oygarden.kommune.no/> for ytterlegare informasjon.

## 1.2 Kommunikasjon med oppdragsgivar

Eventuelle spørsmål skal rettast til oppdragsgivar gjennom kommunikasjonsmodulen i konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med oppdragsgivar når det gjeld anbodskonkurransen enn gjennom Mercell.

## 1.3 Formålet med anskaffinga

Øygarden kommune skal oppgradera Idrettsveien ved å etablere ein gangkulvert med tilhøyrande rampe og trapp for mjuke trafikantar. Det skal etablerast ny busshaldeplass, og eksisterande veg samt G/S veg skal tilpassast i området. Belysning i og rundt kulvert skal være lik eller betre enn skildra i anskaffingsdokumenta. Det må påreknast handtering av både høgspen- og lågspenkablar i grunnen, samt forsiktighet i samband med arbeid innanfor tryggleikssone til høgspen luftledning. Entreprenør er sjølv ansvarleg for å hente inn naudsynt informasjon og tilpasse anna infrastruktur som er i berøring med anlegget.

Idrettsveien og Smålonane skal ikkje stengast i anleggsperioden, og det må oppretthaldast fri og sikker ferdsel for mjuke trafikantar. Danielsen barne- og ungdomskole samt Straume Idrettspark er særst nærliggande, og det må difor leggjast til rette for born og unge. Øygarden kommune har inngått avtaler med grunneigarar i området for omlegging av midlertidig vegtrasé ved gjennomføring av prosjektet. Løysningforslag er vedlagt i del i vedlegg 8. Området skal tilbakeførast som del av kontrakten.

Det ligg vass-, spill- og overvassrøyr langs Idrettsveien pr. dags dato. Desse vart lagt om i eit tidlegare prosjekt for å unngå konflikt med ny kulvert. Øyvar AS må involverast for avklaring på eksisterande situasjon.

Estimert verdi er 10 MNOK ekskl. mva.

Det vert teke atterhald om politisk godkjenning av tildelinga før signering av kontrakt. Oppdragsgjevar kan avlysa konkurransen dersom tilboda overstig dei økonomiske rammene for prosjektet.

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av Del 2 Vedlegg C.2 Teknisk beskrivelse.

## 1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

## 1.5 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering Doffin	03.01.22
Tilbodssynfaring	10.01.22 kl. 12:00
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnet	28.01.22 kl. 12:00
<b>Frist for å levere tilbod</b>	<b>11.02.22 kl. 12:00</b>
Evaluering og evt. dialog	Veke 7-8
Val av leverandør	Veke 10
Karensperiode	10 dagar
Kontraktssinngåing	Veke 12
Vedståingsfrist for tilbodet	31.05.22 kl. 23:59

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12.august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnet med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt.

### 2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

### 2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentlig anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold

det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og forvaltningslova § 13.

## 2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

## 2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

## 3 KVALIFIKASJONSKRAV

### 3.1 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"><li>Firmaattest.</li></ul> <p><b>Skal dokumenterast etter førespurnad.</b></p>

### 3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"><li>Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.</li><li>Eigenerklæring på at det vil bli stilt sikkerheit i samsvar med NS 8405.</li></ul> <p><b>Skal dokumenterast etter førespurnad.</b></p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

### 3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
<p>Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.</p>	<p>Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar</li> <li>b) Prosjektnamn</li> <li>c) Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift</li> <li>d) Tidspunkt (frå/til)</li> <li>e) Kva leveransar leverandøren stod for</li> <li>f) Entrepriseform</li> </ul> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> <p>Nytt mal for referanseskjema vedlagt som del 1 vedlegg 3.</p> <p><b>Skal dokumenterast etter førespurnad.</b></p>
<p>Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne</p>	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over talet årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, underentreprenørar med meir.</p> <p><b>Skal dokumenterast etter førespurnad.</b></p>
<p>Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring</p>	<p>Attest på sertifisering etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar.</p> <p>Dersom leverandøren ikkje har moglegheit til å få slik attest innan fristen, og dette ikkje skuldast leverandøren sjølv, kan ein levara annan dokumentasjon som dokumenterer at rutinane leverandøren har tilsvarar ISO 9001 eller tilsvarende.</p> <p><b>Skal dokumenterast etter førespurnad.</b></p>
<p>Leverandøren skal ha naudsynte godkjenningar etter plan- og bygningsloven</p>	<p>Dokumentasjon sentrale godkjenningar eller annan dokumentasjon som tilseier at leverandøren kan gjennomføra prosjektet.</p>

Krav	Dokumentasjonskrav
for gjennomføring av prosjektet.  Det krevst minimum tiltaksklasse 2 for utføring betongkonstruksjonar. Ut over dette må entreprenøren sjølv gjera vurdering av tiltaksklassekrav.	<b>Skal dokumenterast etter førespurnad.</b>

### 3.4 Støtte frå andre verksemder

Leverandøren kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, og tekniske og faglege kvalifikasjonar.

Dersom ein ynskjer støtta seg på kapasiteten til andre verksemder må leverandøren dokumentera at han rår over dei naudsynte ressursane, t.d. ved framlegging av forpliktingserklæring frå desse verksemdene. Mal for slik forpliktingserklæring er vedlagt i del 1 vedlegg 5. Forpliktingserklæringar skal leverast som del av tilbodet.

Dersom ein støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, krev oppdragsgjeveren at dei er solidarisk ansvarlege for utføring av kontrakten.

## 4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet.

Tildelingskriterium	Vekt	Krav til dokumentasjon:
<b>Pris</b> Under dette kriteriet blir tilbydd pris vurdert.  Pris skal inkludera tilbakeføring av område for mellombels omlegging av Idrettsvegen på gnr 35 bnr 557 og gnr 35 bnr 635, jf. s. 3 i avtale vedlagt i del 1 vedlegg 8.  Evalueringspris kan justerast i evalueringa på bakgrunn av evt. avvik med priskonsekvens.	70 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utfylt del 2 Kontraktsgrunnlaget kap. F Vederlag.</li> </ul>
<b>Oppgåveforståing</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføringsplan <ul style="list-style-type: none"> <li>Overordna framdriftsplan, inkl. total byggetid</li> <li>Plan for gjennomføring av prosjektet i samsvar med overordna framdriftsplan, med</li> </ul> </li> </ul>	30 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>Overordna framdriftsplan</li> <li>Gjennomføringsplan</li> <li>Løysingsskildring</li> </ul>

Tildelingskriterium	Vekt	Krav til dokumentasjon:
<p>særskild fokus på tilnærming til spesielle utfordringar og risikoar i prosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Løysingsskildring <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skildring av løysinga. Evalueringa vil ta utgangspunkt i tidlegare prosjektert løysing, jf. del 1 vedlegg 6, del 1 vedlegg 7, og del 1 vedlegg 7a. Tilboda vil premierast for evt. meirverdiar ein tilfører prosjektet utover det tidlegare prosjekterte.</li> </ul> </li> </ul>		

## 5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

### 5.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via Mercell,

### 5.2 Utforminga av tilbodet

Tilbodet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angir.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief, jf. mal i del 1 vedlegg 1 Mal tilbodsbrief.
  - Skal inkludera eigenerklæring på oppfylling av kvalifikasjonskrav med eller utan underentreprenør, og evt. namn på underentreprenørar.
- Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale frå underentreprenør ein støttar seg på for oppfylling av kvalifikasjonskrav (viss aktuelt)
- Avviksskjema, jf. del 1 vedlegg 3, dersom relevant
- Eigenerklæring teieplikt, jf. del 1 vedlegg 4
- Kontraktsgrunnlag
  - Utfylt versjon av Del 2 Kontraktsgrunnlag kap. E, kap. F, kap. H, og kap. I.
- Utkast framdriftsplan
- Gjennomføringsplan
- Løysingsskildring
- Eventuell annan dokumentasjon

Den leverandøren som vinn konkurransen, må levera dokumentasjon for oppfylling av kvalifikasjonskrav på førespurnad. I tillegg skal han levera skatteattest, jf. FOA § 7-2.

## 6 Vedlegg

- Del 1 Vedlegg 1 Mal tilbodsbrief
- Del 1 Vedlegg 2 Mal referanseskjema



- Del 1 Vedlegg 3 Mal avvik
- Del 1 Vedlegg 4 Mal eigenerklæring teieplikt
- Del 1 Vedlegg 5 Forpliktingserklæring
- Del 1 Vedlegg 6 Teknisk skildring tidlegare konkurranse
- Del 1 Vedlegg 7 Teikningsliste tidlegare konkurranse
- Del 1 Vedlegg 7b Teikningar tidlegare konkurranse
- Del 1 Vedlegg 8 Avtale mellombels vegareal
- Del 2 Kontraktsgrunnlag
- Del 2 Vedlegg C3 Teikningar omkøyring
- Del 2 Vedlegg C.1.12 Geoteknisk notat kulvert under Idrettsveien A01
- Del 2 Vedlegg D.3 SHA-plan